

Os Kyrkjeblad

Nr. 1 / Januar 2017 / 73. årgang



Flyktningen som ble hjelpearbeider

Les meir på side 3



Språkkafé

Tunet arrangerar Språkkafe saman med samarbeidspartnarar

Side 7



SPRELL LEVENDE

Sprell Levande

Bli med på Sprelle Levande
Søndagsskule og Lørdagssprell!

Side 9



Basar og salgsutstilling

«STRIKK FOR TUNET» inviterer til basar
og salsgutstilling i Tunet 10/2. Side 9

Kyrkjebladet for Os kjem ut 4 gonger i året, og vert sendt til alle heimar i Os. Det er også mogleg å tinga bladet for dei som bur utanbygds.

REDAKSJON:

Gerhard Hansen og kyrkjestaben.

ADRESSE:

Os Kyrkjeblad, Boks 209, 5202 Os
Besøksadresse: Øyro 49

UTGJEVAR: Os sokneråd

ANSVARLEG REDAKTØR:

Gerhard Hansen

LAYOUT OG PRODUKSJON AV BLADET:

Picapoint Studio
www.picapoint.no

FOTO FRAMSIDE:

Os sokneråd

TRYKK: Borge Grafisk AS

OPPLAG: 8.460 stk

OS SOKNERÅD:

Postboks 209 - 5202 Os

LEIAR:

Anne Turid Bjørnevik, Mob. 454 62 598
antu-bjo@bkkfiber.no

OS KYRKJE: Tlf. 56 57 24 10

KYRKJEKONTORET I OS:

Postboks 209, 5202 Os. Tlf 56 57 24 00.

E-post: post@os.kyrkja.no

Kontortid: måndag-fredag kl.09-14



Den lokale kyrkja og kyrkja sin bodskap vil vera uendra, sjølv om organiseringa vert endra.

Samanslåinga

I åra som kjem vil mykje bli forandringar i Den norske kyrkja, både lokalt og nasjonalt, men for dei som møter kyrkja lokalt, vil endringane vere små.

På nasjonalt plan vil vi få ei ny lov som erstatning for dagens kyrkjelov. Høyringa til den nye lova blei avslutta 31.desember 2017 – no skal den til behandling i kyrkjemøte, regjering og Storting.

Kyrkjemøtet, «kyrkjas Storting» vil om få år bestemma ein ny organisering av kyrkja, der alle som arbeider i kyrkja skal ha same arbeidsgjevar, anten lokalt eller nasjonalt.

På lokalt plan vil det bli endringar som følgje av kommunesamanslåinga mellom Os og Fusa. Alle som i dag er tilsett i Os sokneråd eller Fusa sokneråd vil då bli tilsett i Bjørnafjorden kyrklege fellesråd.

Lokalkyrkja vert i hovudsak som før

Sjølv om kyrkjas organisasjon blir endra, vil den lokale kyrkja i stor grad vera den same som før. Det vil være kyrkje i Os og kyrkje på Nore Neset, det vil som no vera tilsette som har sitt kontor i Tunet kyrke- og kultursenter i Os sentrum. Det blir gudstenester, gravferder, konfirmasjon, dåp, trusopplæring, diakoni (kyrkja sine omsorgsoppgåver), musikk og mange slags samlingar, som i dag. Det vil være eit

lokalt sokneråd som har ansvar for livet i soknet, som no. Og ikkje minst: som i dag vil kyrkja alltid trenge ei stor mengd med frivillig innsats på mange ulike områder.

Evangeliet er heilt og fullt det same

Noko som aldri vil bli endra, er evangeliet om Jesus. I jula feira me bodskapen om Gud som vart menneske, han kom til jorda som en liten baby – fødd i ein stall, starta livet som flyktning. I nokre år reiste han rundt og forkynna ein radikal bodskap om frelse av nåde åleine; før han blei dømd – og gav sitt liv for at me skulle gå fri. For at me alle, uansett bakgrunn, kjønn og status på alle livets område, skulle få leve som Guds barn. Denne bodskapen blei første gong forteld for om lag 2000 år sidan, og bodskapen er den same no.

I Os ønskjer me alle velkommen, anten det er til ei av kyrkjene, eller det er til Tunet kyrke- og kultursenter. Du er velkommen anten du kjem ofte eller ein gong i blant, anten du vil gjøre ein innsats, eller berre kome for å sitte stille ned som tilhøyrar, anten du er ny i Os eller har budd her store deler av livet.

Arne Tveit

NESTLEIAR I SOKNERÅDET



Flyktningen som ble hjelpearbeider

- Vann er selve livet, sier Innocent Nigindu. Han flyktet med familien fra en blodig konflikt i Kongo. Nå er han en stor ressurs for Kirkens Nødhjelps arbeid i flyktningleiren der han endte opp.

- Uten vann finnes ikke noe. Vi trenger det til å vaske oss, lage mat og drikke, så den jobben jeg gjør her er jeg virkelig stolt over, smiler Innocent.

Navnet hans betyr «uskyldig», men det er ingen uskyld å finne i flukthistorien hans. Først måtte han flykte da soldater kom til byen der han jobbet. 85 prosent av de som var i byen ble drept, hevder Innocent. Han flyktet mot byen der han og familien bodde, men etter to dager kom soldatene også dit. Det skulle vise seg at den beste løsningen var å flykte til nabolandet Angola, litt lengre sør i Afrika.

Koordinator i flyktningleiren

Til slutt havnet han og familien i flyktningleiren Kakanda der Innocent etter hvert fikk seg jobb som koordinator for Kirkens Nødhjelp. Nå passer han på at vannet alltid er rent, at søpelet blir tømt og at toalettene blir vasket.

- Jeg får brukt evnene og erfaringen min til å hjelpe, og det er flott å kunne støtte Kirkens Nødhjelp. Jeg er kristen, og for meg er det viktig å kunne hjelpe andre med de evnene og midlene jeg har for hånden, sier Innocent.

Han får en liten lønn for jobben han gjør, men mye av drivkraften er lysten på å gjøre noe godt for andre. Han vet bedre enn de fleste hvor viktig rent vann er, for under flukten var det ofte at han ikke kunne drikke. Og som mange andre i leiren har han vært syk fordi han har drukket urent vann. Innocent er en av mange som hver dag jobber for Kirkens Nødhjelp. I landsbyer, byer, flyktningleirer og kriseområder i en rekke land rundt om i verden jobber Kirkens Nødhjelp for å sikre tilgang til rent vann, trygge toaletter, energi og mye annet. For at maskineriet skal fungere trenger man helter som Innocent.

Avhengig av hjelp for å hjelpe


Men for at maskineriet skal fungere trengs det også hjelp fra norske frivillige. Folk som ikke er på flukt, men som i likhet med Innocent har et engasjement og kompetanse til å gjøre en forskjell. Hvert år er tusenvis av slike frivillige med på å samle inn penger til Kirkens Nødhjelps arbeid gjennom Fasteaksjonen.

Og det er nettopp disse pengene som gjorde det mulig å starte opp arbeidet i Nord-Angola, raskt og effektivt. For Innocent og over tusen andre flyktninger i leiren har det vært livsviktig hjelp.

Også i år skal frivillige over hele Norge være med på å samle inn penger til brønnboring, latrinebygging og andre tiltak som redder liv rundt om i verden. Også du kan bidra når **<FYLL INN MENIGHET>** skal gjennomføre årets aksjon, enten ved å være bøssebærer eller å støtte aksjonen.

Blir du med? Dugnad gjev resultat!

Dette gjeld og for Fasteaksjonen der konfirmantar og kyrkjelydar i heile Noreg er med. Vi samlar inn for å gje menneske over heile verda nye mogleigheter. I år går vi for REKORD resultat! MELD DEG som bøssebærer, sjåfør, kafévert i Tunet, kakebakar... **KONTAKT kyrkjekontoret ved Inger Johanne: ijh@os.kyrkja.no tlf. 56572404/93256921**



Øverst - Stort smile: Innocent Nigindu elsker jobben sin i flyktningleiren i Dundo i Angola. Han er selv flyktning fra Kongo, og setter pris på å kunne jobbe for Kirkens Nødhjelp med å hjelpe andre som har flyktet fra samme konflikt.

Under -Fast rutine: I en krok i flyktningleiren står teltet der Innocent Nigindu sover. Han avslutter alltid dagen med å lese 15 minutter i Bibelen, og be en bønn til Gud. Troa ble sterkere etter flukten, forteller Innocent, fordi Gud hjalp han og familien bort fra krigen i live.

TweenSing Os!

TweenSing Os over kvar tysdag i Nore Nerset kyrkje, kl 18 - 19.30. Vi startar opp att tysdag 16. januar, og dersom du går i 5. - 7. klasse er du hjartelig velkommen!

Tween Sing er eit kristent korarbeid drive av Os kyrkjelyd, for tweens i heile Os. Koret er for aldersgruppa mellom barn og tenåringer, "between" - derav tweens. Altså 5.- 7.klassingar.

Vi syng og øver inn korongar, og vi har tilgang på Musikkbingen på Nore Nerset til å øve med band i, dersom nokon spelar instrument, og har lyst til det. Vi ønskjer at Tween Sing skal vera ein god plass for alle 10-13-åringar. Vi bruker god tid til å bli kjent med kvarandre, slik at det skal vera trygt å vera der, på tvers av skulegrenser. Vi ønskjer å gje dei mogelegheitane til å utfolda seg kreativt gjennom kor, etterkvar band og kanskje dans, drama

Påskekonsert «Stå opp»

Søndag 18.mars kl 16, inviterer TweenSing Os til konsert i Os kyrkje. Då skal vi ha ein litt annleis påskekonsert, så det er berre til å gle seg! Sett av datoene og still op for tweensa «våre».



Vaksenstøtte

Kjenner du minnene frå gamle «banddagar» kitle deg i nakken? Bli med som vaksenstøtte for desse tweensa i Musikkbingen, og gje dei nokon av gleda du fekk oppleva! Ta kontakt dersom du har lyst å bidra!

Venleg helsing

*Korleiar: Gro Helen B. Skjælaaen
(epost: ghs@os.kyrkja.no /56572412)
Musikalsk leiar: Silje Nora Hindenes*

Ungdomsklubben

Ungdomsklubben skal til våren ha samlingar dei fleste fredagar, følg med på klubben si facebookside @klubbenos.

Klubben er open for alle frå 8.klasse opp til 2.vgs. Ta med deg ein ven og kom du og. På klubben kan du spel PS4, blijard, bordtennis for å nemne nokre ting.

Det vil ikkje være det same kvar gong, men ein av tinga vil være der. Er dette noko du tenkjer at kan være noko for deg å være med på så kom og bli med.

Klubbkveldar våren 2018

JANUAR	
26.01	Klubbkveld
FEBRUAR	
2.02	Klubbkveld
9-11.02	VINTERFESTIVAL på VOSS
16.02	Klubbkveld
23.02	Klubbkveld
MARS	
02.03	VINTERFERIE
09.03	Klubbkveld
16.03	Klubbkveld

JOIN US TEN SING

Join us! Vi har øvinger fra 19-21 hver onsdag i Tunet

Vi drar på turer sammen. Noe av dette er: Nattcup, sosialweekend og vinterfestival. En gang i måneden har vi tema øving der du kan velge mellom: dans, drama, teknikk, band og kor. Finn ut meir på Kyrkja.no/os

KFUK-KFUM





GODT NYTT ÅR frå Garden of Eden Kenya

Opp mot jul fekk vi ei helsing frå Thomas og Beatrice Omolo, leiarane i «Garden of Eden Kenya» (GOEK), barnelandsbyen ein halv time utanfor storbyen Nairobi.

Thomas skriv: «*We can give many praise reports as we come to the end of 2017»*

Ti nye born har flytta inn dette året, då barnehus nr. 2 endeleg sto ferdig. Det totale antallet er no 34 born, og med tida kjem det fleire. Borna trivst med kvarandre og dei vaksne som bur der. Her gjer dei lekser, et gode måltid, vaskar kleda sine og steller i kjøkkenhagen sin. Søndag er kyrkjedag i den lokale kyrkja og mange av borna er anten med i barnekoret eller i danse - og dramagruppa.

Så er det alltid kyrjkaffe for den som vil heime i barnelandsbyen. Fotball er den store lidenskapen, eller dei leikar ute på den store tomta. Nokre av borna går no på high school, ungdomsskule med internat. Der er det hardt arbeid frå morgen til kveld, men dei greier seg godt. I juleferien kjem dei tilbake til barnelandsbyen eller besøker slektingar.



25 andre born i Kiberraslummen blir også sponsa frå Garden of Eden Kenya Support (Norge). Dei går på ein av dei to skulane eigd av GOEK men bur hjå slektingar i slummen. Thomas og Beatrice fylgjer opp desse borna på beste vis. Mange av dei besøker barnelandsbyen og dei andre borna på søndagane.

Thomas skriv: «*We gladly take this opportunity to wish you a Merry Christmas and a Happy New Year! The Lord has continued to bless us in our work here in Nairobi, and we are more than thankful for your prayers and support!»*

Vi i styret i GOEK-Support takkar Os Kyrkjelyd for mange gode kroner til dette arbeidet. Skulle du vere interessert i eit fadderbarn eller ynskjer å følgje arbeidet på ei annan måte, er det berre å ta kontakt:

- e-mail adr: post@gardenofedenkenya.no
- Telefon til Elin Salbu: 482 33 899

Velkommen til Årsmøte i NMS fellesforening Os

- 11. mars kl 17.00 i Glass-salen i Kyrkjetunet.

På agendaen blir det årsmøtesaker, valg, andakt ved Kåre Bakke, sang og bevertning. Vel møtt!

Helsing Styret, Os NMS





Kommunesamanslåing - etablering av Bjørnafjorden kyrkjelege fellesråd

Os og Fusa kommunar skal slåast saman. I kvar kommune skal det vere eit kyrkjeleg fellesråd og arbeidet med etablering av Bjørnafjorden kyrkjeleg fellesråd er i gong.

Sokneråda i Os og Fusa skal halde fram som sokneråd (i kommunar med berre eit sokn har soknerådet og funksjon som kyrkjeleg fellesråd).

Fellesrådet i den nye kommunen har

- arbeidsgjeveransvar for alle tilsette (ikkje prestetenesta; prestane er tilsett hjå bispedømerådet).
- ansvar for drift og vedlikehald av kyrkjene (5 kyrkjer i Fusa og 2 i Os),
- Forvalting og drift av gravplassane (3 gravplassar i Os og 10 gravplassar i Fusa)
- Budsjett/rekneskap for fellesråd og sokneråd

Alle dei tilsette skal overførast til ny arbeidsgjever. Det er all grunn til å tru at dette vil gå greitt, men førebuings- og tilpassingsarbeidet er stort. Og idéen og målsettinga om at ein større kommune skal vere meir effektiv og gje betre tenester til innbyggjarane gjeld og for kyrkja. Det er viktig at fellesrådet som etablerast finn gode

måtar å legge til rette og støtte oppunder det arbeidet som skal gjerast i kyrkjelyden i Os og Fusa.

Samansetning av fellesnemnda

Hans Vindenes (leiar) og Roald Samnøy frå Fusa sokneråd og frå Os sokneråd Anne Turid Bjørnevik og Arne Tveit (nestleiar).

Tilsette-representantar er:

Monica Refsdahl (Os) og Iman de Zwarte (Fusa).

Frå den kommunale fellesnemnda er desse valde:

Maria Bruarøy, Os og Mange Djuvik (fusa).

Bjørgvin biskop har oppnemnd prost Kristin Litleré. I tillegg er det varafolk for alle medlemmane. Kyrkjeverje Harald Geir Sæther er prosjektleiar og kyrkjeverje Gerhard Hansen er sakshandsamar.

Kyrkjeleg fellesnemnd skal ha sitt neste møte 21. februar.

Det er etablert ei webside der ein kan lese ulike saksdokument og protokoller etter som prosessen går fram. Webadresse: kyrkja.no/bjornafjorden

Gerhard Hansen

TITT VÅREN 2018

i Tunet kyrkje og
kultursenter

Titt-Torsdag i Tunet kan presentera eit spanande program for våren 2018. Aktuelle torsdagar kl 20-22. Musikk. Enkel kveldsmat

Torsdag 22. februar:

Svante Håvåg (Vikarprest i Løvstakksiden menighet - og tidlegare regionsekretær i Bibelselskapet). Den verkelege Jesus. Om bibelmanuskript i populærkultur og forsking.

Torsdag 22. mars:

Edvard Hoem fortel om bøkane sine. (Slattkar-serien.)

Torsdag 26. april:

Ingvar Wilhelmsen. «Livet er eit usikkert prosjekt.» Om usikkerhet og risiko.

Tidspunkt for Språkkafeen

Våren 2018, klokka 17-19

18. Januar 1. Februar

15. Februar 1. Mars

5. April 3. Mai

27. Juni Tur

Frivillige møter seinast klokka 16.30, og dei som er med på kaféen ryddar.

Språkkafé

Tunet i Os har har i nokre år, saman med samarbeids-partnarar, arrangert noko som vert kalla Språkkafè.

Dei har rett og slett invitert alle som har lyst til å kome til anten eit lite måltid eller noko godt å bite i på tunet. Språkkafeen er for dei som kanskje ikkje synes det er så lett å bu i Noreg eller i Os, utan å vere så god i norsk. Tunet har då invitert dei som vil, for å samlast og å vere i lag. Konfirmantar i Os har vore med på språkkafeen for å hjelpe til på blant anna kjøkkenet, og å sosialisere seg med dei nye folka som kjem. Konfirmantane i konfirmantgruppa "Saman for andre" har vore med på dette som ein del av deira opplegg. Eg har intervjuat tre konfirmantar som har vore på språkkafeen og hjelpt til, for å høre med dei korleis dei har opplevd dette.

Kva tenkjer de om dette opplegget som Tunet har stelt i stand?

Vi er vel einige alle tre om at vi synes at det er eit bra og godt gjennomført opplegg, som kan være kjekt for til dømes innvandrarar å møte opp på. Vi har ikkje vore mykje på språkkafeen, men vi har fått inntrykk av at folka der kosar seg, og har det kjekt i lag. Vi tenkjer at det er positivt at vi kan få folk til å kjenne seg tryggare i Os anten dei er nye her, eller om dei har budd her ei stund. Det er ikkje like lett for alle å finne seg nye venner og folk å snakke med når ein er heilt ny. Difor synes vi at det er fint at kyrkjelyden kan bidra med å få folk til å føle seg velkomne, trygge, og at dei har det bra her i Os.

Tenkjer de at konfirmantar er dei rette folka for å hjelpe til med Språkkafé?

Vi er veldig glad for at dette er eit av opplegga vi har i vår konfirmantgruppe.



Dette meiner vi fordi vårt perspektiv på konfirmanttida, er at det er ei fin tid å finne ut kva som skjer i samfunnet vårt. Det er også fint at vi får utforska og sett litt meir av akkurat dette. På språkkafeen får vi møte både gamle, unge, flyktningar og innvandrarar. Dette er ein fin måte for oss å få eit perspektiv på korleis andre enn oss sjølv har det. Vi tenkjer at dette er noko vi kan bere med oss heile livet. Ei viktig livserfaring for oss.

Kva gjorde de, og kva var dykkar oppgåver?

På språkkafeen var våre oppgåver å lage gløgg til dei som skulle kome, å spele spel med barna, vere med på allsong og å passe på at folka der hadde det bra! Vi synes at dette var veldig passande oppgåver for oss, og vi koste oss medan vi heldt på!

Korleis var det å møte dei nye menneska som møtte opp på språkkafeen?

Vi synes det var kjekt å møte dei nye menneska fordi vi fekk høre litt om deira kultur, og sjå forskjellane på kulturen vår, og deira kultur. Vi fekk eit lite innblikk i språka dei snakka, og fekk blant anna høre litt arabisk. Dette synes vi var veldig kjekt,

og det var interessant å høre flytande arabisk! Vi fekk sjå menneske som kom frå ulike land, og vi fekk sjå mange ulike personlegdommar. Det var også hyggeleg å sitje rundt desse borda, og snakka med desse personane.

Følte de at de gjorde ein forskjell for nokon, eller at de gjorde nokon sin dag betre?

Frå vårt perspektiv, meiner vi at vi gjorde ein forskjell for spesielt barna som var på språkkafeen. Vi leika, og teikna med dei. Det verka som at dei hadde det bra! Vi veit ikkje korleis dei har det sånn elles i dagleglivet, men det verka som at dei sat pris på det vi gjorde for dei. Ein annan ting som var veldig spesielt, og veldig rørande, var at det var ei dame der som gav oss heimelaga teikneblokker! Det var veldig omtenksamt og koseleg! Vi fekk også snakka ein del med barna der, og vi trur dei følte seg velkomne til vårt samfunn.

Alt i alt, ser det ut som at Språkkafeen er ein fin aktivitet. Både konfirmantane og folk i Os trivst der. Det verker som at Språkkafeen er fin for dei som vil bli kjende med andre menneske!



Skapingsdagane 2018

25-27 juni!

Likar du å male eller tromme? Kan du tenkje deg å forme med leire eller fotografere? Er det kjekt å vera saman med andre barn på din alder?
Då trur vi du vil trivast på Skapingsdagane 2018!

Mandag til onsdag kl 09-15 vert det tilbod om aktivitetsdagar for alle 7 og 8 åringer i Tunet; Kyrkje og Kultursenter (på Øyro). Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkjelyd får invitasjon tilsendt i posten .

VIKTIG:Påmelding startar ikkje før i mai.



Foto: Bjarte L. Haugland

Har de spørsmål ta kontakt med oss på kyrkjekontoret:

Gro Helen Skjælaaen ghs@os.kyrkje.no tlf.56572415 eller Hildur L Lillestøl hll@ os.kyrkje.no 56572414.

Tekster: Gro Helen B. Skjælaaen

TRUSOPPLÆRINGSTILTAK VÅRHALVÅRET 2018:

4 ÅR i 2018?

Det vert utdeling av 4-årsbok i kyrkjene våre:

- Os kyrkje Sønd 11.febr og 22.april
- Nore Neset kyrkje Sønd 8.april

Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkjelyd får invitasjon tilsendt i posten



5 ÅR i 2018?

«Opplev påska!» Dette er ein Påskevandring i Os kyrkje for alle som vert 5 år i 2018

Tirsdag 20.mars kl 17-18.30. samlas vi i Os kyrkje. Her skal vi saman gå gjennom dagane i påska. Saman med andre femåringar får du høre om og oppleve det som skjedde i påskedagane. Du kan ta med ein voksen dersom du ikkje kjenner deg heilt trygg åleine. *Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkjelyd får invitasjon tilsendt i posten*



#MEG - 13 år!!

- Ein del av trusopplæringa i Os kyrkje

19 MARS inviterar vi all 13åringar til fellesskap, leik, aktivitetar og undervisning utifrå tre viktige punkt: Identitet – sjølvbilde - Kropp.

*Alle 13 åringer (f.2005) er velkomne.
Alle døypte og tilhøyrande til Os kyrkjelyd får invitasjon tilsendt i posten.*



#MEG arrangerast 19. mars for alle 13-åringar i kommunen



Sprell Levande
familiearbeid i
Nore Neset kyrkje

Lørdags Sprell

Ein laurdag i månaden, kl 11 – 13, samlast barnefamilier i Nore neset kyrkje. Her har vi vore alt frå 30 – 70 små og store samla.

Det er ein veldig kjekk og sosial møteplass for både foreldre og born. Her syng vi saman, så får borna høre ei bibelforteljing frå søndagsskuleopplegget «Sprell Levande». Etterpå leikar vi litt; med duplo, lego, turner på matter eller teiknar. Ofte har vi ei formingsaktivitet med noko borna kan ta med seg heim. Klokka 12 et vi lørdagsgraut i lag før vi avsluttar saman i ring.

Fokuset i formidlinga er på 2-4/5-åringen, men vi ønsker at heile familien skal kjenna seg velkommen. Vi ønsker ikke å leggje opp til aktivitet som delar familien. Det er helg og kjekt for familiar å vera saman. Det skal dei få vera på LørdagsSprell.

Kanskje treff du «gamle» kjente etter babysang, eller blir kjent med nye familier. Her er døra høg og stor hjertevarme! *Vel møtt!*

Datoane for våren

Lørdager kl 11–13:
20.januar, 17.februar, 10.mars,
14.april, 9.juni

Sprell Levande Søndagsskule

Barnesamlinger ved gudstenester i Os og Nore neset kyrkje.

Alle born har rett til å høre om Jesus! Os kyrkjelyd ønskjer å fortelje om Jesus til borna. Vi har barnesamling/søndagsskule om lag kvar søndag, anten i Os kyrkje, eller i Nore Neset kyrkje.

Barnesamlingane er ein trygg og god stad for borna og vera under gudstenesta. Her får dei leike, tenne lys og høre om Jesus på sine premissar. Her får dei høre og oppleve

at dei er verdifulle, og skapte i Guds bilde. Vi møtast på gudstenesta. Her syng vi nokre barnesongar før søndagsskuleleiren inviterer borna fram for å sjå kva som er i skattekista. Her vert det avslørt (kanskje) kva borna skal få høre og oppleve etterpå. Så syng vi Søndagsskulesongen saman, før vi går til barnesamlinga (på Os er det i Tunet).

Syns du dette høyres kjekt ut, og kan tenka deg å være med i dette arbeidet? Vi tar godt imot deg!

Ta kontakt med Gro Helen B. Skjælaaen tlf 56572412/ epost:ghs@os.kyrkja.no

Oversyn over gudstenestar med barnesamlingar:

Dato	Os kyrkje	Dato	Nore Neset kyrkje
28.jan	Familiegudsteneste/Tårnagenthelg	28.jan	Høgmesse
4.febr	Høgmesse	11.feb	Høgmesse
11.feb	Familiegudsteneste/ 4-årsbok	25.feb	Høgmesse
18.feb	Gudsteneste med band	8.april	Familiegudsteneste
25.feb	Høgmesse	22.april	Høgmesse
11.mars	Familiegudsteneste		
18.mars	Høgmesse		
25.mars	Familiegudsteneste		
8.april	Gudsteneste med band		
15.april	Høgmesse		
22.april	Familiegudsteneste		



**SPRELL
LEVENDE**



Kvar kjem vel dei lysaste draumane frå

(Salme 286)

Dette er ein av dei mange salmane til svensken Anders Frostenson, omsett til norsk av Rune Birkeland. Den held fram draumen om paradishagen, der Gud planta blomar og tre.

1. Kvar kjem vel dei lysaste draumane frå?

*Frå den paradislund
der Herren vår Gud planta blomar og tre
den skapande stund.*

2. Kvar kjem vel dei vakraste songane frå?

*Ifrå lysenglars land.
Dei syng og dei spelar på harper av gull
med leikande hand.*

3. Kvar kjem vel den reinaste gleda ifrå?

*Frå eit barn i ein stall
og stjerna som lyste så blendande klår
ei vinternatt kald.*

4. Kvar kjem vel den sterkeste kjærleiken ifrå?

*Frå den kross der Guds Lam
vart ofra og evig tok synda vår bort,
stig kjærleiken fram.*



Andrew Holman

KANTOR

Kyrkjekoret

Kyrkjekoret har øvingar tysdagar kl 18 i Eldstova, Tunet.

Per semester opptrer vi 2 – 3 gongar. Koret treng fleire stemmer. Ta med godt humør og songglede. Møt opp eller ta kontakt med kantoren Andrew (56572411 / 95335651). Vel møtt!

Sokneprestens hjørne: (Kyrkje)skip på opprørt hav

Den tyske presten og målaren Sieger Köder har eit kosteleg bilet av Jesus og læresveinane i ein liten båt i storm på Genesaretsjøen. Og som så mange av Köder sine bilete, er også dette med på å levandegjere skriftordet.

Ein ser korleis læresveinane på ulikt vis freistar løysa den håplause situasjonen. Masta er knekt. Ein ror så årene knekk, ein kjem ikkje langt med knekt åre. Ein står med ei bøtte å prøvar å ause, men det kjem meir vatn inn i båten enn ein får ut av han. Det er så vi nesten kan høyra panikken: Dette går ikkje, vi kjem ikkje til å kom elevante frå dette. «Peter, kvifor må du alltid bruke kreftene dine så det går galt. Du trengte vel ikkje ro SÅ hardt. No kjem vi ingen veg.» «ENN du da, Andreas, kanskje du kunne ha brukt litt meire krefter, så hadde vi kanskje fått ut vatnet». Stemninga var ikkje heilt på topp. Men Jesus da, kor var han. Framme i stemnen låg han og sov som eit barn. Johannes kasta seg over han, han kunne jo ikkje ligge der å sove. Vi veit at historia enda godt. Då dei vendte seg til Jesus og lot han ordne opp, gjekk det bra denne gongen og.

Jesus, til stades, roleg, ventande,sovande. Var han medveten om kva som gjekk føre seg rundt han? Kanskje, kanskje lot han det storme ei stund, men så: På hans ord roa havet seg, panikken om bord ga seg. Denne forteljinga gjev viktig lærdom: Så lenge dei kava og krangla, gjekk det ikkje bra. Men då dei vende seg til Jesus i tru og tillit roa det seg etter kvart.

Ei erfaring mange av oss har gjort. Det kan vere lett å sjå på all uroa kring seg.

Men Jesus har og i dag makt til å føre skipet trygt i havn.



Margrethe Holmboe Askeland

SOKNEPREST



Julefest i Nore Neset kyrkje

Laurdag 6.januar var ca 60 små og store samla til Julefest i Nore Neset kyrkje.

Hildur leia oss alle gjennom festen og kunne presentera eit kjekt program. Borna vårt engasjerte i song og andakt av Tonje Hernes. Thea Eidsvåg og Sara Skaatun opptrådte med sang, og Anita Haugland spelte til allsongen og til juletregangen.

Klovnken Koko var høgdepunktet for både små og store, og trylla oss inn i magi og latter. Han dreiv med «tulletrylling» og det var tydeleg populært hos både små og store.

Som alltid var det mykje godt å bita i av både saltmat og sötmat. Og borna fekk også i år godteri i posen. Det heile vart som seg hør og bør avslutta med jultregang og «Deilig er jorden».

Takk til Nore Neset-utvalet som årleg steller i stand desse fine julefestane. Det er eit godt tips å få dette med seg neste år; du vil venteleg gå smilande og glad heim. Det trur vi alle gjorde denne gongen også.

TUNET

Kyrkje- og kultursenter

Det nye TUNET har mange utleigelokale til ulike formål. Og alle er velkomne til å leige, anten det er dåpsfest, konfirmasjon, minnesamvær, bryllaup eller andre merkedagar. Eller kanskje eit møte av ulike slag?

Kontakt kyrkjekontoret for avtale om leige og leievilkår

Telefon 56 57 24 00

Kunstutstilling og basar

Laurdag 10. februar i Tunet!

KUNSTUTSTILLINGA

Laurdag 15-19 og sundag kl 13-15

Kunstutstillinga er ei salsutstilling og opnar laurdag 10/2 kl 15.

12 kunstnarar, amatørar og profesjonelle frå Os og Fusa stiller ut i Tunet, kyrkje- og kultursenter.

Uttrykket vil derfor være variert og utan ein raud tråd, men sjå ikkje bort frå at her kan du finna ein "godbit" som høver for deg personleg, for lommeboka di eller som vil passe perfekt heime i di stove!

30% av salssummen går til Tunet.



Maleri av Carl. I. Frønsdal

BASAR kl 16.00

Ta ettermiddagskaffien i Tunet og få med deg god gamaldags basarstemning. Passer for familiar og vaksne i alle aldersgrupper. Målet er å skaffe midlar til Tunet kyrkje- og kultursenter.

Det vert underhaldning med:

- Song ved kyriaké
 - Åsmunds trio
 - Bibelforteljing
 - Musikk, song og dans
 - Kakelotteri
 - Åresal
 - Hovudtrekking
- Masse flotte gevinstar !**

Arr.: «Strikk-for-tunet»

Program Eldretreff våren 2018



Eldretreffa er ei samarbeidstiltak mellom Os kyrkjelyd og Sanitetsforeininga og er lokalisert til Kløvertun.

Triveleg formiddagstreff med musikk, aktuelt tema og god mat, - og ikkje minst trivelege folk. Vertskap er Osvald og Jorunn Hindenes.

Her er datoer for samlingar utover vårsemesteret 2018:

06.02.18, 06.03.18, 10.04.18 og 08.05.18

I juni vert det truleg dagstur til Lyngheimsenteret i Nordhordland.

Senior-Koinonia våren 2018

Dag	Emne	Tale	Sang
25 januar kl 11.30	Uigurene	Lærer og språkmann Tarjei Engesæth -	Ingrid Vik og Inger Johanne Haugland
8 februar kl 11.30	Frikirkja sin glade trubadur: Sigvard skald.	Høgskulelektor: Harald Myklebust	Harald Myklebust
22 februar Kl 11.30	Skribent i Guds hage. Glint fra et journalistliv.	Journalist Anne Marie Vangsnes	Songinnslag
8 mars kl 11.30	Fra Fusa til verdens ende	Lærer, logoped, ildsjel Anders Holmefjord	Anders Holmefjord
22 mars kl 11.30	Slattekar-serien	Edward Hoem	Musikkinnslag fra Kongshaug
5 april kl 11.30	Israel 70 år-angår det oss	Brukbutikksjef Elinbjørg Therkelsen-Israelsmisjonen	Song Hagaviktrioen
19 april kl 11.30	"Vårt heimland i myrkret lenge låg. Kyrkjekunst og fridom"	Nils Georg Brekke	Songinnslag
3 mai	Det nye livet	Politiker, misjonskvinne og skribent Kari Sørheim	Songinnslag

Velkommen til ope hus hos Vegard og Grete Hodneland:

8. februar, 8. mars, 5. april, 24. mai



NMS GJENBRUK OS MILJØ, MØTEPLESS & MISJON

Opningstider: Måndag til fredag kl 11-17, laurdag kl 11-15.



Her finn du det meste - til ein rimeleg pris!

Velkommen til ein spanande butikk i Irisgården, vis á vis
Interiøren v/Oselvarnaustet. Tlf. 404 45 421

MILJØ MØTEPLESS MISJON



Følg oss på Facebook
"NMS Gjenbruk Os"

Støtt våre annonsører

DRENERING • MURING • SPRENGING



Alt innen graving og transport

Ring Olav på 924 60 307
Bård A. på 951 13 187

TRANSPORT AV MASSER • GRUNNARBEID

Sag og havnen

DRANGE BRUK AS

Høvel- og skurdlast
Panel - rister - golv
Trykkimpregnerte materialar

ALT TIL GUNSTIGE PRISAR

TELEFON 56 57 00 50 - FAX 56 57 00 51
5215 LYSEKLÖSTER

Rørlegger Titlestad




- NYBYGG
- REHABELITERING
- VANNBÅREN VARME
- SERVICE

Ring for gratis og uforpliktende befaring

Tlf 480 68 830

mail:
titlestad93@hotmail.com

www.rørleggertitlestad.no



Elektro-Design AS

AUT. ELEKTROINSTALLATØR

Trenger du en elektriker?
Ta kontakt med Geir Skarding:
Mob. 91129784

Strønevegen 49, 5217 Hagavik, elek-3@online.no



ING. G. VÅGE A.S.

5217 Hagavik
Telefon.: 56 30 55 39
E-mail: g-vaage@online.no
www.vaage.as

- Autorisert elektro og teleinstallatør
- Vedlikehold

Laveste priser i bransjen?
Når du trenger elektriker
kontakt Gunnar

OS HAGESERVICE

alt innen hage

Vi lager hageplan,
murer, legger stein,
lager plen og planter
busker og trær.

56 57 66 77 99 00 80 80
www.oshageservice.no





TRAVELNET

OS REISEBYRÅ AS Boks 274, 5203 Os

Tlf. 56304300
e-post: os@travelnet.no | www.verden.no



FUSA GRAVMONUMENT ØYVIND HELLAND

- Oppretting og sikring
- Oppussing
- Tilføyelse

- Innhogne bokstavar
- Påsette bronse og gullbokstavar.

Tlf.: 56 58 14 06
Fax: 56 58 39 99
Mob: 48 25 56 50

KVALITET!

Verktøy, maskiner og redskap for HUS OG HAGE

PM Sælen & Co AS
Tlf. 56 30 44 90



GRAVMINNEN

Stor salgsutstilling av nye monumenter
Tilføyelser / Oppussing


STEINRIKET
EIKNER NATURSTEIN
ULSMÅGVEIEN 27, NESTTUN
Tlf. 55 98 70 00



Os Gravferdsbyrå as

Døgntelefon
56 57 49 50

Jorunn Moberg
Agnethe Øvreeide

Vi utfører alt det praktiske, eller legg til rette for pårørende som ønsker å gjera noko sjølve. Ope etter avtale. Brugata 50, Os.
www.osgravferdsbyraa.no



DØYPTE

29. oktober

Emilija Ragainyte Kvamme

Vilde Hjertholm Rongved

Elea Rosvold

Heidi Alvheim Sagebakken

Olai Hjertnes Røttingen

Sverre Seilen

Ludwig Koldal Tysseland

5. november

Iben Tvedten Borgen

19. november

Oscar Garvik Olsen

Niklas Jensen

Alina Storum

William Aleksander Leistad

Aron Eikemo Widding

26. desember

Ludvig Halhjem Edvardsen

Jakob Hjeddal Lekven

12. november

Selma Rabben Bøthun

3. desember

Hanna Lygren

Lavrans Næsheim Monclair

Emma Sofie Reistad

10. desember

Emilie Strønen Røen

Amelia Johnsen Næss

Thomas Pihl

7. januar

Magnus Glimsdal Midtun

Kristin Rotvik Tunestveit

VIGSEL

Os kyrkje 28. oktober

Vibeke Olsen &

Jonas Stang.

DØDE

Anne Fossberg Fristad

f. 13.10.1954 - d. 20.10.2017

Odny Kristina Skorpen

f. 20.08.1938 - d. 13.11.2017

Astrid Isaksen

f. 27.03.1929 - d. 10.12.2017

Erling Hjertholm

f. 04.12.1944 - d. 19.12.2017

Astrid Marie Svendal

f. 06.07.1944 - d. 21.10.2017

Solveig Marie Valle Ognøy

f. 14.08.1947 - d. 21.11.2017

Sverre Heilund

f. 19.09.1925 - d. 12.12.2017

Alvhild Haugland

f. 20.09.1929 - d. 25.12.2017

Knut Svein Nybø

f. 18.09.1945 - d. 24.10.2017

Ingebjørg Sørstrønen

f. 17.05.1930 - d. 21.11.2017

Ole Landmark Irgens

f. 09.05.1939 - d. 14.12.2017

Signy Lepsøy

f. 27.03.1926 - d. 25.12.2017

Solveig Engesæth

f. 01.09.1928 - d. 25.10.2017

Charlotte Horn

f. 26.04.1928 - d. 07.12.2017

Tor Kroge

f. 14.05.1958 - d. 15.12.2017

Arthur Bertin Botnevik

f. 23.06.1924 - d. 28.12.2017

Roald Søviknes

f. 25.04.1951 - d. 28.10.2017

Jan Winsjansen

f. 10.11.1940 - d. 08.12.2017

Eivind Johannes Lie

f. 21.06.1954 - d. 18.12.2017

Anne Helene Spilsberg Steffensen

f. 27.04.1962 - d. 07.01.2018

Ruth Evelyn Eide

f. 18.04.1919 - d. 07.11.2017

Kjell Martin Drange

f. 27.07.1949 - d. 09.12.2017

Malvin Fjellstad

f. 06.05.1933 - d. 19.12.2017



Planlagte gudstenester i Os kyrkjelyd

Os kyrkje	Nore Neset kyrkje
28.01.18 kl.11.00: Dåp. «Tårnagenter» deltek.	28.01.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
04.02.18 kl. 10.00: Dåp.	11.02.18 kl. 11.00: Dåp.
04.02.18 kl. 11.15: Nattverd	25.02.18 kl. 11.00: Nattverd.
11.02.18 kl. 11.00: Utdeling av 4-årsbok	29.03.18 kl. 20.00: Kveldsgudsteneste.
14.02.18 kl. 19.00: Kveldsgudsteneste. Nattverd.	Nattverd.
18.02.18 kl. 11.00: Nattverd. Lovsong og band. Konfirmantar deltek.	08.04.18 kl. 11.00: Dåp. Utdeling av 4-årsbok.
25.02.18 kl. 11.00: Dåp.	22.04.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.
04.03.18 kl. 10.00: Dåp.	
04.03.18 kl. 11.15: Nattverd.	
11.03.18 kl. 11.00: Dåp. Barnas misjonsdag	29.03.18 kl. 16.00: Nattverd.
18.03.18 kl. 11.00: Nattverd.	
25.03.17 kl. 18.00: Dåp.	
30.03.17 kl. 11.00: Korsvandring. Gudsteneste kl. 12	
01.04.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd.	
01.04.18 kl. 17.00: Nattverd. I samarbeid med søndagssamlinga.	
08.04.18 kl. 11.00: Nattverd.Lovsong/band	
15.04.18 kl. 11.00: Dåp. Nattverd. Konfirmantar deltek	
22.04.18 kl. 11.00: Dåp. Myldre. Utdeling av 4-årsbok.	

Sjå www.kyrkja.no/os for oppdaterte opplysninger.

Takkoffer

Oversikt over kva vi har fått inn i offer sidan 15. oktober 2017

Dato	Takkoffer til	Beløp
22.10.2017	Kongshaug Musikkgymnas	19855
29.10.2017	Diakonialarbeidet i kyrkjelyden	4478
05.11.2017	Menneskeverd	3964
12.11.2017	Tunet	7252
19.11.2017	Barnearbeidet i kyrkjelyden	3785
26.11.2017	Misjonsprosjeketet	6242
03.12.2017	Os KFUK/M-Speidarane	6139
10.12.2017	Tunet	5688
17.12.2017	Ungdomsarbeidet i kyrkjelyden	856
24.12.2017	Kirkens Nødhjelp	61213
25.12.2017	Det Norske Misjonsselskap	7410
26.12.2017	NLA	2018

OS Kyrkjelyd

TILSETTE:

SOKNEPREST:

Margrethe Holmboe Askeland,
Sokneprestkontoret: tlf. 56 57 24 05
Mob: 979 51 006, mha@os.kyrkja.no

KAPELLAN I OS

Roar Hallesby Evjedal, rhe@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 08, mob: 934 41 968

SENIORPREST

Knut-Ivar Askeland. kia@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 07, mob: 905 64 628

KYRKJEVERGJE/DAGLEG LEIAR:

Gerhard Hansen, gah@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 03, mob: 911 62 199

SEKRETÆRAR:

Elin Oldervoll Moberg,
tlf. 56 57 24 02, eom@os.kyrkja.no
Monica Refsdahl
tlf. 56 57 24 13, mr@os.kyrkja.no

UNGDOMSARBEIDAR:

Lars Joar Hilleren, (i pappapermisjon)
Vikar: Trygve Lillestøl, tl@os.kyrkja.no

KATEKET:

Hildur Løkken Lillestøl, hll@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 14, mob: 45275553

DIAKON:

Ingrid Vik, iv@os.kyrkja.no,
tlf. 56 57 24 06, mob: 450 51 212

KANTOR/ORGANIST:

Andrew Holman, aph@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 11

FRIVILLIGKOORDINATOR:

Inger Johanne Haugland, ijh@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 04, mob: 932 56 921

KYRKJELYDSPEDAGOG

BARNE- OG FAMILIEARBEID:

Gro Helen B. Skjælaaen, ghs@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 12, mob: 412 78 575

KYRKJELYDSARBEIDAR:

Hege Varhaug-Lekven (i permisjon)
Nicolay Vinkler, nv@os.kyrkja.no
tlf. 56 57 24 09

DRIFT AV KYRKJER, TUNET OG

GRAVPLASSAR:

Driftsleiar Reidar Berge (mob 416 52 042),
Trygve Helgesen, Marianne Tveit og
Linn Kjerstin Rondestveit

Avs:


Os kyrkjelyd
Postboks 209
5202 Os

BARNESTIDA



BARNAS SIDE

Fargelegg! Jesus besøkte systrene Marta og Maria. Marta stressa og kava, men Maria sette seg ned og lytta til Jesus. Jesus sa: «Maria har valt den gode delen.»



Teikning: Trevor Keen

Kjell møtte Are som hadde ein apekatt på skuldra.

- Kor fekk du tak i han? spurde Kjell.
- Eg vann han på tivoli, svarte apekatten.

Vitsar

- Doktor, eg har svelgt ein kulepenn!
- Eg kjem med éin gong.
- Kva skal eg gjere i mellomtida?
- Bruk blyant.

Finn 5 feil


Teikning: Trevor Keen

Dei to bileta er nesten like. Finn du dei fem feila på biletet til høgre?



Finn veien gjennom bikuben!

Kan du hjelpe bia å finne veien gjennom bikuben?



Gje barnebladet
BARNAS til eit barn
du er glad i!

Desse oppgåvene
er henta
frå bladet.



Bestill
abonnement
på **sondagsskolen.no**
eller **22 08 71 00**

*Meir informasjon
om kyrkjelyden finn du på
www.kyrkja.no/os*

Os Kyrkjeblad



Nr. 1 / Januar 2017 / 73. årgang

Bladpengar - Os Kyrkjelyd

Os kyrkjeblad vert distribuert til alle husstandar i Os. Her er aktuell informasjon om folkekyrkja i Os. Undersøkingar viser at 80 % les bladet, - ikkje alle frå «perm-til-perm», men mange er glade for informasjon i tekst og bilet. Bladkontingent er frivillig, men vi ber deg vere raus og bidra med kr 200,- for 2018.

**Du kan betale med VIPPS, nytte brevgiro
eller nettbank på vanleg måte.**



Søk opp **89773 (Os Sokneråd)**
i Vipps-appen og betal abonnementet
på den måten.



Kvittering

Innbetalt til konto

3201.53.23484

Beløp

Betalerens kontonummer

Blankettnummer

Betalingsinformasjon **Deposit**

Os kyrkjeblad – bladpengar 2018

GIRO

Betalingsfrist

Underskrift ved girering

Betalt av

Betalt til

Os Kyrkjeblad

Boks 209
5202 Os

Belast
konto

Kvittering
tilbake

Kundeidentifikasjon (KID)

Kroner

Øre

Til konto

Blankettnummer

200,-

< >

3201.53.23484

< >